



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato 06.09.2018
Møtetid: Kl. 15.00 - 18.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	A
Vidar Tveiterås	A
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Karl Bård Kollbotn	FRP
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Jon Magne Bøgevik	UAVH

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Ingvild Raftevoll Bøgevik	FRP	Ingen	

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Møtenotat:

Det vart halde synfaring i Eikedalen i sak 009/2018.

Det vart halde synfaring i Børdalen i sak 010/2018.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 11.09.2018

Karl Bård Kollbotn
leiar av utvalet

Hilde-Lill Våge
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/2018	18/1114	Faste saker	
009/2018	18/1095	Reguleringsplan Eikedalen hyttetun - 1.g. handsaming	
010/2018	18/1041	Oppstart reguleringsplan - Børdalen og handsaming av planprogram	
011/2018	18/903	GBNR 32/4 - Kvitingen- Søknad om konsesjon for erverv av fast eigedom	
012/2018	18/907	Tilskot til nærings og miljøtilatk i skogbruket	

SAKNR. 008/2018: Faste saker

06.09.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet godkjente framlegg til faste saker.

Administrasjonen orienterte om følgjande:

Ass.rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om feil i første utsending av møteprotokollen etter forje møte den 29 mai. Ein setning i høve merknad frå K. Kolbotn hadde ikkje komen med i teksten. I siste utsending var dette retta opp.

Ass.rådmann orienterte om at Samnanger kommune har mottatt stevning frå Frode Stien vedk. privatisering av Nyutløtrævegen. Saksøker hevder Samnanger kommune er eigar av grunnen i Nyutløtrævegen og av det medfører vedlikehaldsplikt.

Ass.rådmann orienterte om at det er kome fram semje om kva som er offentleg og privat vassleidning i Krekavegen. Kommunen startar no i haust planlegginga av å ruste opp hovudvassleidninga på Indre Tysse. Teknisk drift legg opp til dialog med Haga/Trengereid om løysingar som gjer til at dei kan om dei ønskjer det utbetre sin private leidning samstundes som kommune etablerer nytt anlegg.

Teknisk sjef Kenth Paul Opheim orienterte om Rolvsvåg industriadar si stevning mot kommunen og bakgrunn for denne. Møtet vart lukka med heimel i Kommunelova § 31 under orienteringa.

Ass.rådmann orienterte om at det står svært lite att i arbeidet med parkeringsplanen. Teknisk forvaltning har måtte prioritera ei rekkje andre saker og særskilt arbeid knytt til Skottabakken prosjektet. Planen kjem difor opp på neste møte i naturutvalet den 23. oktober. Store utgifter til brøyting i vinter har resultert til at det ikkje er midlar i år til å merke opp for parkeringsplassar på Bjørkheim, utanfor kommunehuset og ved helsetunet/Samnangerheimen. Det er ønskje om at dette vert prioritert i budsjettet for 2019.

Teknisk sjef orienterte om forureining og BIR sitt arbeid. Enkelte stadar er det problem med gjentakande opphopning med nye bilvrak og anna avfall etter at pålegg er gjeve. Det vart difor oppmoda å fortsette med å klaga eller varsle teknisk. Løa i Hagabakkane Sture Tveit varsla om som farleg bygg, vil verte følgt opp av teknisk. Prosedyren i slike saker er først å pålegge grunneigar å gjera utbetrande tiltak. Dersom dette ikkje vert følgt opp har kommunen heimel til å bøtlegge.

Ass.rådmann orienterte om badevika på Bjørkheim, Teigavika, og samarbeidet med BOF. Badevika vil få universell utforming og vil verte særleg tilrettelagt for rørslehemma. Kommunen sin eigenandel i prosjektet er stipulert til omlag 1 million. Dette utgjer ca. 50% av totalkostnaden. Kommunen kan søkje om ytterlegare tilskot frå stiftingar og andre til dekking av eigenandelen.

Planleggar Roald Aandahl orienterte om at det er komen inn 4 tilbod på reguleringsplan for veg til Hagabotnane. Tilboda ligg omlag mellom 600-900.000 for arbeidet. Samnanger kommune har bestilt 3 ulike vegtilkoplingar frå Tyssevegen til Hagabotnane. Val av tilbydar vil verte gjennomført i neste veke. Naturutvalet vil få til handsaming i møtet den 23. oktober kva vegalternativ som bør veljast og reguleras, ev stoppe reguleringsarbeidet grunna kostand.

Teknisk sjef bad naturutvalet om å kome med ei meir tydeleg bestilling på kva dei forventa av administrasjonen å få saksutgreidd i høve kommunestyrevedtaket om ny vegmodell. Naturutvalet er sett til å vera styringsgruppe for saka, og dei drøfta tolkinga av vedtaket utan å konkludere for det vidare arbeidet. Administrasjonen ber difor kommunestyret v/ordførar om ei presisering av vedtaket og kome med ei meir konkret bestilling i det vidare arbeid.

Utvalet sitt kvarter:

Sture Tveit (H) stilte spørsmål om status for «bilverkstad» i bustadfeltet på Steinsland. Teknisk sjef orienterte om at grunneigar er anmeldt og kommunen har fleire gangar sett i gang pålegg for å stoppe aktiviteten. Ny parkeringsplan gjev kommunen v/politiet heimel til å vise bort/taue bort ulovlege parkerte bilar.

Jon Magne Bogevik (Frp) stilte spørsmål om status for registrering av skoten rev og praksis med klipping av klør. Ass.rådmann orienterte om at denne ordninga ligg til viltforvatninga på landbruk og vil kome som eiga sak til naturutvalet.

NAT- 008/2018 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Følgjande delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 009/2018: Reguleringsplan Eikedalen hyttetun - 1.g. handsaming

06.09.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet deltok på synfaring ved Eikedalen hyttfelt og fekk orientering av planleggjar Roald Andahl før handsaming av saka.

Planleggjar informerte om at det var sendt ut feil kartvedlegg i saka. Nytt kart vart lagt fram i møte. Nytt kart vert sendt som vedlegg til offentleg ettersyn.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 009/2018 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til reguleringsplan for Eikedalen hyttetun lagt ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

- Renovasjonsteknisk plan må ligge føre før 2.g. handsaming.
- Det skal utarbeidast VA-rammeplan før 2.g. handsaming.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til reguleringsplan for Eikedalen hyttetun lagt ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

- Renovasjonsteknisk plan må ligge føre før 2.g. handsaming.
- Det skal utarbeidast VA-rammeplan før 2.g. handsaming.

SAKNR. 010/2018: Oppstart reguleringsplan - Børdalen og handsaming av planprogram

06.09.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet deltok på synfaring i Børdalen og fekk ei orientering av planleggar Roald Andahl før handsaming av saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 010/2018 Vedtak:

Med heimel i PBL § 12-8 gis det løyve til oppstart av detaljregulering for datalagringscenter i næringsområde i Børdalen. Planområdet famnar om del av gnr. 35 bnr. 4, 59, 1, 3 og 49.

Planarbeidet skal utførast i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Reguleringsplanen skal konsekvensutgreiast etter forskrift om konsekvensutgreiing.

Med heimel i PBL § 12-9 leggjast planprogram for detaljregulering av Regn Datasenter ut på høyring, og sendast til offentleg ettersyn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i PBL § 12-8 gis det løyve til oppstart av detaljregulering for datalagringscenter i næringsområde i Børdalen. Planområdet famnar om del av gnr. 35 bnr. 4, 59, 1, 3 og 49.

Planarbeidet skal utførast i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Reguleringsplanen skal konsekvensutgreiast etter forskrift om konsekvensutgreiing.

Med heimel i PBL § 12-9 leggjast planprogram for detaljregulering av Regn Datasenter ut på høyring, og sendast til offentleg ettersyn.

SAKNR. 011/2018: GBNR 32/4 - Kvitingen- Søknad om konsesjon for erverv av fast eigedom

06.09.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegg til vedtak vart samrøyses vedteke.

NAT- 011/2018 Vedtak:

Samnanger kommune gjev Leon Espelid konsesjon for kjøp av gbnr 32/4.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1, 9, 11.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev Leon Espelid konsesjon for kjøp av gbnr 32/4.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1, 9, 11.

SAKNR. 012/2018: Tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket

06.09.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 012/2018 Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner framlegg til Retningslinjer for tildeling av NMSK tilskot til skogkultur og miljøtiltak for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes 2018-2023.

Vedtaket har heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket* § 3

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner framlegg til Retningslinjer for tildeling av NMSK tilskot til skogkultur og miljøtiltak for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes 2018-2023.

Vedtaket har heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket* § 3